



Lb Bevertning AS  
Hallane 30A  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1679 - 18/17269

Saksbehandlar:  
Ingunn Øvretveit  
Ingunn.Ovretveit@lindas.kommune.no

Dato:  
30.05.2018

## Førehandsvarsel om tildeling av prikkar

Lindås kommune har den 28.05.18 mottatt rapport frå kontroll av skjenkeløyve frå Alkoholkontrollen. Rapporten er signert av kontrollør og ein ansvarleg frå dykkar verksemd.

I rapporten kjem det fram brot på §10-3 i Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v (alkoholforskriften) 4 ledd, 4 setning og 4 ledd, 9 setning - alkoholloven § 8-6. Ved eit slikt brot er konsekvensen at kommunen skal tildela 1 prikk for kvart brot.

Før vedtak om prikkar vert gjort skal kommunen senda ut førehandsvarsel, og jf. forvaltningslova §16 kan bevillingshavar få høve til å uttala seg. Frist for å gje uttale og evt. kommentarar er sett til 08.06.18, og kan sendast Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller på e-post: [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no).

Spørsmål kan rettast til underteikna.

## Generell informasjon om prikktildeling

Frå 1.1.2016 har Stortinget vedteke nye normerte reglar for inndraging av sals- og skjenkeløyve. *Prikktildelingssystemet* er omgrepet for dei nye reglane som ein finn i alkoholforskrifta kapittel 10 og er knytt til alkohollova §1-8.

Før var det ei skjønsmessig vurdering som vart lagt til grunn for inndraging av løyve, medan det no er eit obligatorisk og nasjonalt system som skal sikra meir effektiv oppfølging av regelbrot og ei likebehandling som er føreseieleg.

Hovudtrekka i prikktildelingssystemet er at:

- Ved brot på pliktene skal prikkar tildelast etter §10-3 i alkoholforskrifta. I §10-4 vert det gjeve ei snever opning for å gjera vedtak om færre eller fleire prikkar enn skildra i §10-4. Dette gjeld ved



svært skjerpande eller svært formidlande omstende.

- To likearta brot som vert avdekka i same kontroll skal reknast som eitt einskild brot.
- Dersom løyvehavar er tildelt totalt 12 prikkar i løpet av ein periode på to år, skal kommunestyret inndra løyve for eit tidsrom på ei veke. Ved einskildhøve og ambulerande skjenkeløyve vert det gjeve avslag på neste søknad.
- Eit einskild brot kan maksimalt gje åtte prikkar.

Fylkesmannen er klageinstans. Ein kan velja å venta med å klaga til ein eventuelt får 12 prikkar. Klageretten går altså ikkje ut på dato, men ein kan ikkje klaga på nytt på prikkar som ein alt har vore i gjennom ei klagehandsaming.

Med helsing

Reidun Sæbdal  
einingsleiar

Ingunn Øvretveit  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Rapport - kontroll av skjenkeløyve

**Mottakarar:**

Lb Bevertning AS

Hallane 30A

5955

LINDÅS